



Nesbyen kommune

Odlaug Synnøve Løken
Nedre Bentehaugvegen 121
3540 Nesbyen

Deres ref	Vår ref	Dato
	2024/64-1	10.01.2024

37/3, Nedre Bentehaugvegen 121 - Mangler ved avløpsanlegg

5 av kommunane i Hallingdal har gått saman og etablert eininga «Kommunalt avløpstilsyn og Vassforvaltning», forkorta til KAV. KAV skal føre tilsyn med spreidd avløp i kommunane og pålegge utbetring der anlegga har manglar/ikkje tilfredsstillar dagens krav. I 2019 fekk kommunane pålegg frå Miljødirektoratet om opprydding i spreidd avløp. Jf. dette pålegget skal alle avløpsanlegg innan 2027-2033 tilfredstille forskrift. I etterkant av detta vedtok politikarane ein tilsynsplan som legg føringane for kva for anlegg som blir prioritert utbetra i tida framover.

KAV har fått delegert mynde frå kommunane, jf. vertskommuneavtala som er signert av Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen og Flå kommuner til å følgje opp Forurensningslova LOV – 1981-03-13-6 §§7, 11, 18 og 23.

Saksopplysningar:

Ved tømning den 28.10.2023, vart det registrert ein betong kum på eigedom 37/3 med adresse Nedre Bentehaugvegen 121. Eldre betong kummar har anten dårleg infiltrasjon grunna alder på anlegget, eller ingen infiltrasjon i det heile teke då mange av desse løysingane vart bygd utan tett botn. Jf. Tilsynsplan som er politisk vedteken, er dette anlegg som står først på lista over anlegg som skal prioriterast i oppryddingsarbeidet. I tillegg er betong kum svært sjeldan tett, då det er sprekkar mellom kum-ringane og sjeldan pakningar der. Dette førar til at ureinsa avløpsvatn sig ut i grunn rundt avløpsanlegget.

Rehabilitering/utskifting av avløpsanlegg er søknadspliktig. Dykk må kontakte røyrleggjar/entreprenør som kan hjelpe dykk med dette arbeidet, samt søke etter plan- og bygningslova samt forureiningsforskrifta. Liste over føretak som har dokumentert kompetanse ovanfor kommunen ligg vedlagt. Dykk står likeins fritt til å nytte andre godkjente føretak til dette arbeidet.

Det er anleggseigar sitt ansvar å ha eit fungerande avløpsreinseanlegg. Krava har også blitt strengare med åra. Det blir normalt gjeve 2 barmarksesongar for utbetring av avløpsanlegg.

Førehandsvarsel:

Med bakgrunn i ovannemnte blir det no førehandsvarsla krav om utbetring av avløpsanlegget. Den som får eit vedtak retta mot seg skal jf. Forvaltningslova §16 førehandsvarslast. Dette er å sjå som eit førehandsvarsel om utbetring av avløpsanlegget på eigedom 37/3. Kommunen har heimel i §7 for å pålegge tiltak etter forureiningslova. Dersom du har merknadar til dette varselet skal dei sendast



kommunen seinast 3 veker etter at dette brevet er motteke. Med bakgrunn i eventuelle merknadar vil kommunen vurdere å gjera vedtak.

Det er ingen klagerett på varselet, klageretten kjem fyrst når eit vedtak er fatta. Men eventuelle merknadar skal takast omsyn til når ein fattar vedtak.

Med helsing

Erling Nerol

Rådgjevar

KAV Hallingdal vassområde

Elektronisk godkjent uten signatur

Vedlegg

1 Liste Fagkyndige_2023